



16 frå Halsnøy var på plass i TI-aren denne tysdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne tysdagen var det eitt år sidan Cafe TI-aren i Gamleskulen vart starta av Uskedalen Utvikling. Og eittårsdagen vart markert på skikkeleg vis - med rekordbesøk!

Då vertskapet runda av etter å ha servert melkekaker, russsakake og rundstykkjer synta protokollen at 54 hadde vore innom. Tidlegare har ein aldri vore over 50. Vertskapet hadde vore forutseande og hadde nok biteti til alle.

Det var ikkje minst ei gruppe utanfrå som først og fremste sørga for besøksrekorden. Den bestod av dagbesøkjande frå Halsnøytunet og det var 16 i gruppa.

På den andre sida var besøket av yngre frå Uskedalen også større enn nokon gong før. Denne gongen var mødre med fem babyar innom!

Dei kunne boltra seg på to mattar som helselaget har gjeve til kafeen og som vart lagt ut på 'bakrommet' . Der er det også leikar og ei triveleg ramme for ein kaffeprat 'oss mødre imellom'.

Av Ola Matti Mathisen